

## Til topps blant julefilmane

Ikkje uventa gjekk Harald Zwarts krigsfilm «Den 12. mann» rett til topps på lista over julebesøk med 64.960 publikummarar. Filmen, som er ein ny versjon av historia om krigshelten Jan Baalsrud, hadde premiere 1. juledag. Inklusive førpremierar er filmen no sett av totalt 69.058 kinogjengjarar, melder Film & Kino. I alt fann 142.372 publikummarar vegen til norske kinoar 1. og 2. juledag, der fleire filmar hadde premiere. I fjor var tilsvarende tal 146.000. Det svarar til kinobesøket på ei elles normal helg med tre dagar på kino. På 2.-plass på topplista etter dei to første kinodagane i romjula ligg «Star Wars: The Last Jedi» med 26.862 besøk. Sci-fi-eventyret er til no sett av 341.656 nordmenn sidan premieren 13. desember og ligg an til å bli 2017s mest sette film, ifølgje Film & Kino. Disney-eventyret om «Ferdinand» følgjer på 3.-plass med 26.415 besøkjande, mens «Paddington 2» følgjer med 7.425 besøkjande innom 1. og 2. juledag. På 5.-plass kjem den svenske «Solsidan»-filmen med 3.052 besøk. (NPK)

## Kraftig vekst i salet av ved

Vedforbruket har auka i Noreg dei siste tre åra. Fleire vedprodusentar melder om ein salsaue på 50 prosent i år. Frå 2015 til 2016 var veksten i vedforbruket på 40 millionar kWh, tilsvarande 420.000 seksti liter sekkar med bjørkeved, ifølgje tal frå SSB. — Ifølgje rapportar vi får frå vedprodusentar over heile landet, ligg det også an til ein vidare vekst i vedforbruket i 2017, seier Øyvind Stranna Larsen, fagsjef i Norsk Ved, som er fagorganisasjonen for vedprodusentar i Norge, til Nationen. SSB-tala viser at vedforbruket vårt i 2016 låg på 5,61 milliardar kWh. Dette svarar til brutto energimengde i cirka 54 millionar 60 liter sekker med bjørkeved. I 2015 var vedforbruket i Noreg på 5,57 milliardar kWh. (NPK)

# Verst uvêr i aust



Vegen inn mot Øyno var på visse stader helt oversvømt av vatn.  
Foto: Eirik Molland, Etne kommune

**Uvêret «Birk» med kraftig regnfall sette spor etter seg også her i distriktet, og verst gjekk det ut over den austlege delen av Etne. Øyno og Flåte på Frette fekk størst skadar, og heldt mannskapet i arbeid gjennom heile høgtida.**

**GRETHe HOPLAND RAVN**

Sjølv om det var vegstenginga på E134 ved Tjelmeland som sorgde for den største konsekvensen for alle reisande, så var det på Frette dei største skadane blei registrerte.

— Det er vegen inn mot Øyno som har fått hardast medfart. Her har vatnet grove seg under ein veg og det har gått fleire småras, og me har jobba oss gjennom heile julehelga for å ordna opp i dette, seier driftsoperatør Eirik Molland, som var på vakt i julehelga.

Han kan også informera om at vegen til Flåte også har fått medfart, der det mellom anna gjekk eit jordras ved sida av ei bru, som førte til at nokre høgspenteleidningar

blei hengjande litt på halv åtte.

### Kommunale vegar i orden

Også i Skånevik blei det registrert øydeleggjeringar på veg, då Vannesvegen måtte utbetraast før det blei mogleg å køyra på den igjen.

— Me har hatt mykje å gjera heilt sidan veslejulaftan, men no skal alle dei kommunale vegane vera gode nok til å køyra på igjen, seier Molland.

Han kan i tillegg opplysa at andre driftsproblem som til dømes skitent vatn også måtte handterast.

I Vindafjord har ikkje kommuningeniør for veg, vatn og avløp, Hildbjørg Fludal fått inn meldingar om noko som har vore unormalt i julehelga.

### Var redd for fleire ras

Vegstenginga som følgje av raset på Teigland veslejulaftan gjekk ut over mange som skulle heim til jul via E134. Fleire venta i kø i eit par



Dagleg leiar i Etne elektrisitetslag, Einar Arefjord hadde vakt i julehelga og her på Flåte har vatnet grove seg under vegen slik at store steinar rasa ut, og straumleidningar kom i klem.  
Foto: EIRIK MOLLAND, ETNE KOMMUNE

**Det er vegen inn mot Øyno som har fått hardast medfart**

EIRIK MOLLAND, DRIFTSOPERATØR  
ETNE KOMMUNE

timar, før det kom melding om at vegen blei stengt til neste dag. For dei som skulle vestover, blei løysinga å køyra tilbake til Røldal, gjennom Suldal og så vidare sørover. Og for dei som skulle austover, gjekk traseen gjennom Skånevik og Kvinnherad til Odda. På Teigland blei ein bebuar evakuert frå heimen sin, av Vegvesenet. Han fekk melding om at han ikkje fekk lov til å bu i huset sitt over natta, men for hans del medførte ikkje dette dei store problema. Han skulle jobba nattskift, og hadde ikkje planar om å vera heime likevel. Andre enn han budde heller ikkje i huset.

Raset som gjekk over E 134, var ikkje av det store slaget. Ein

av dei som sto i kø ved rasstaden uttalte at «dette er nå berre til å kosta bort», men Vegvesenet var bekymra for nye ras og heldt vegen stengt for å undersøkja rasfarene.

Først dagen etter blei vegen opna igjen for trafikk.

### «Energikick» av fukt

Thomas Spengler som er profesor ved Universitetet i Bergen fortel til NRK at «Birk» ikkje ville vore så ekstrem utan den omfattande transporten av fukt i lufta. Han kan informera om at fukttransporten over Atlanterhavet var enorm veslejulaftan, og at stormsystema på denne tida av året får eit ekstra «energikick»

av fukta, og han samanliknar «Birk» med både «Nina» i 2015 og «Dagmar» i 2011.

### Verst 6. desember

Sjølv om det var Etne som måtte ta den verste støyten i julehelga, var det faktisk Vindafjord som fekk mest nedbør. Frå 22. desember til 24. desember fekk Etne totalt 110,4 millimeter nedbør, mens Vindafjord kunne registrera 122,6. Skal ein sjå på heile desember var det 6. desember som blei registrert med mest nedbør på eit døger. Då blei det målt 89,0 millimeter i Etne, og 91,3 millimeter i Vindafjord.